

Beitostølen

Handbok for arkitektur og landskap



Feste Lillehammer as
Landskapsarkitekter mnla

Forord

Beitostølen er på mange måtar eit speglbilete på endringane i veldstandsutviklinga og friluftsvanene i Noreg etter krigen. Fleire er i dag i stand til å skaffe seg hytte, og vi kan byggje større enn tidlegare. Statlege reguleringar av storleiken er oppheva, og utbyggingspresset har auka dramatisk. Krava til standard og komfort har endra seg, og veg, vann og kloakk er i dag ein sjøvsagt ting for den som kjører hytte på Beitostølen. Vi er ikkje lenger viljuge til å gi avkall på høg levestandard når vi reiser til fjells. Omgrepet hytte gjev ikkje lenger meinung - det er i dag snakk om fritidsbustader - bustadbyggjing på fjellet.

Vi ser og at verdisynet hjå hytteeigarane har endra seg frå det spartanske hyttelivet som var idealete etter krigen til ei dreing av verdisynet i retning av noko nytt. Folk søker ikkje lenger berre einsemda i naturen, dei urørte fjellviddene eller opplevinga av å vere i eitt med fjellet. Hytteeigarar ønskjer i tillegg gangavstand til butikken, slalombakken, diskoteket og pizzarestauranten. Utbyggjinga overskrir i mange tilfelle landskapet si toleevne. Det er fristande å moralisere, men vi må akseptere at verdiar endrar seg. Endringane i marknad, etterpørsel og friluftsvaner bør og få konsekvensar for kor og korleis vi byggjer. Handboka tek til orde for å byggje ein landsby på Beitostølen. Dette er det liten tradisjon for i norske fjellbygder. Vi fann tidleg ut at omgrepet *byggeskikk* ikkje dekka dei utfordringane ein utvikling av ein fjellandsby på

Beitostølen. Vi har difor valt å kalle dette heftet hanbok for arkitektur og landskap.

Handboka byggjer på stad- og landskapsanalysen for Beitostølen, utarbeidd av Feste Lillehammer as våren 2002 og på intensjonane fra Masterplanen for Beitostølen og Raudalen utarbeidd av reiselivsnæringa og kommunane Øystre Slidre og Vang. Handboka gjev føringar for utforming av bygningar, uterom, vegar, torg, plassar og landskapshandsaming. I handboka er det eit forslag til sentrumsplan for Beitostølen som skal gje retningslinjer for reguléringsplaner og byggjemeldinger i området. Vidare er det konkrete regler for skilting i Beitostølen sentrum. I tillegg til stad- og landskapsanalysa og handboka for arkitektur og landskap på Beitostølen er det utarbeidd ein rettleiar for hyttebygging for Øystre Slidre kommune.

Handboka er utarbeidd av Feste Lillehammer as, landskapsarkitekter mnl ved Trond Simensen, Sissel Røste Strømsjordet og Jan Feste i samarbeid med arkitekt Andreas Bjørtuft frå Larkas da samarbeidande arkitekar. Oppdragsgjevar har vore Øystre Slidre kommune ved Olav Talle og Knut Frode Framstad. Ei referansegruppe med politikarar og representantar frå turistnæringa har fulgt arbeidet undervegs i prosessen. Takk også til president Ketil Kiran i Norske arkitektars landsforbund for verdifulle innspel på eit tidleg stadium.

Der ikkje anna er nemnt er kart og illustrasjonar utarbeidd av konsulenten.

Vil ikke ha arkitekter som **smakspoliti**

Furuseth: - Hyttebyggingen i fjellet må begrenses

**Slår tilbake mot
arkitekt-kritikk**

Miljøvermmminsteren
skeptisk
til luksushytte-byer

**Vil stoppe nye
kakse-palass**

Ordførere vil ordne hytteregulering lokalt

I hytt
og ver
i fjellheimen

Utviklingen
på Beitostølen

**Arkitektonisk
skrekkabinet?**

Kraftig kost mot Beitostølen fra arkitekthold

**Svimplende strømforbruk
Nå kommer
«Bjerke-bua»**

Vurderer maks-størrelse på hytter

“...met er ikke at det bygges for tett, men
**Fra hyttebyer
til fjellandsbyer**

**Arkitekturens
skrekkabinet**

Innhold

3	Forord
5	Innhold
4	Den lokale byggesikken
6	Arealdisponering
10	Beitostølen sentrum
14	Sentrumsplan
18	Torg og uterom
20	Veg og trafikkHelning
22	Landskapshandsaming
25	Skiøyper
26	Bygningsforming
31	Byggjesaker
33	Skilting

Til venstre: eit knippe overskrifter frå riks- og lokalmedia, syner at hyttebyggjing med høg standard på fjellet er konfliktfylt.

Den lokale byggeskikken


Beitostølen har utvikla ein eigen byggjeskikk og eit byggjemønster som har lite med den tradisjonelle byggjesikken i Valdres å gjere. Kjenneteikna på gardane og stølane i Valdres var at bygningane vart organisert i tun og grupper, både for å oppnå ei rasjonell drift av garden og for å ta vare på jorda omkring. Organiseringa skapte eit samspele mellom dei einskilde bygga i tunet, og mellom tunet og kulturlandskapet omkring. Det er ikkje det einskilde bygget vi festar oss ved når vi studerar norske bygder. I den tradisjonelle byggjesikken var tunet som element i landskapet viktigare enn det einskilde bygget - heilskapen var viktigare enn detaljen.

På Beitostølen er det tvert om. Det finst lite heilskap over bygningane på Beitostølen; kun ei rekkje einskilde bygg som ikkje maktar å skape nokon samanheng. Den tilfeldige organiseringa av bygningane har ført til store

problem med å tilpasse det einskilde bygg til terrenget på eiga tomt. Med unnatak for dei eldste hytteområda, ligg hyttene jamt over for nær og for tett til å vere frittliggjande bygg i landskapet. Samstundes ligg dei ikkje tett nok til å framstå som tun, bygningsgrupper eller strukturar i landskapet.

Til trass for at byggjemønsteret på Beitostølen og skalaen storleiken på dei einskilde bygga har lite til felles med tradisjonell byggjeskikk, er mange av hyttene krydra med detaljar og element frå den gamle norske byggjesikken. Arkar, svalgangar, torvtak og sirlege utskjeringar blir kopierte og forstørra historielauast og heilt ut av proposjonar. Naturmateriale blir brukt mot materiala sine naturlege eigenskaper, og enkle funksjonalistiske bygg frå 60-talet og nyare får nye fasadar med natursteinsforblendig og villmarkspanel. Vi kan ikkje lenger snakke om byggeskikk.

Det er no på tide med ein enklare arkitektur og eit meir berekraftig utbyggingsmønster på Beitostølen, betre tilpassa staden og landskapet.



Til høgre: Garden Meisdalen i Skrautvål i forrige hundreår er eit godt døme på korleis bygningane vart gruppert i tette tun tråd med den gamle byggeskikken.

Arealdisponering

Føringane for arealbruk og utbyggingsmønster bygger på landskapsanalysen og registreringar av naturstruktur og grøne område med målsetting om eit berekraftig utbyggingsmønster. Vidare er det teke omsyn til at det er ønskje om nye hytte og bustadområde. Tilråingane tek utgangspunkt i målsetjingane frå Masterplanen om å utvikle Beitostølen til ein ”kompakt fjellandsby oppe i dalsida med utsikt over dalen og fjellet”, ein ”grøn destinasjon” med vekt på god arkitektur og estetikk.

Fjellgrense

Fjellgrensa skil mellom bygd areal og skog-, fjell-, og naturområde og skal vere den endelege grensa for utbygging på Beitostølen. Fleire stader på Beitostølen og i Beitobygda er det gradvise overgangar frå tett til spreidd bygnadsmasse, og inne i skogen ligg det spreidde einebustader, småbruk, stølar og hytter. Likevel ligg hyttebyen Beitostølen og bygda i Beito som to klårt definerte tettstader og landskapsområde med marka omkring. Ut frå ei rekkje omsyn er det viktig å setje ei fjellgrense rundt Beitostølen og Beitobygda:

Omsyn til friluftslivet

Mange turistar, turfolk og skiløparar søker opplevelinga av å vere ute i eit landskap med minst mogleg påverknad av menneskeskapte inngrep. Dersom hyttebygginga blir spreidd ut over eit for stort område, og ein må køyre bil vekk frå Beitostølen for å kome seg ut til turområda, har ein tapt mykje av dei opphavelege kvalitetane på staden.

Omsynet til naturfaglege verneinteresser

Nokre område er så verdifulle med omsyn til

vegetasjon, jordsmonn, flora og fauna at dei krev strengt vern mot utbygging og til og med mot turfolket.

Storlek og samanheng

Naturområda må ha ei viss utstrekning for å fungere som ein samanhangande heilskap for folk og dyr. Det går ei grense for kor mange tiltak som tolast i landskapet før heilskapen smuldrar opp.

Klima

Større samanhengande område med skog og fjellvegetasjon har ein god og skjermande verknad på lokalklimaet i området. Dersom mykje av skogen må vike for utbyggingsinteresser, får dette negative konsekvensar for klimaet. Dette talar for å ta vare på store belte med vegetasjon, ikkje berre i utanfor, men også inne i dei utbygde områda.

Landskapsbilete

Skog og fjellområda rundt tettstaden Beitostølen og Beito er viktige av di dei avgrensar landskapsrommet som dei to stadene ligg i. Det er viktig for opplevelinga av å kome til Beitostølen eller Beito, og for opplevelinga av å vere i staden. Staden mår ikke tippe over brinken mot Beito, eller klatre høgare opp i fjellsida.

Berekraftig tettstadutvikling

Av omsyn til internt transportbehov, arealforbruk og energibruk, er det viktig å konsentrere utbyggjinga innafor byggjesonene i tettstadane. Vidare utvikling på Beitostølen skal i hovudsak skje innafor det landskapsrommet som dagens tettstad ligg i.

Nye hytteområde


Vi tilrar at nye hytter leggjast i tun og grupperingar i landskapet. I desse hyttetuna bør

det byggjast tett, medan grøne område mellom bygningane blir take vare på.

Avgrensing av sentrumsområde

Sentrumsområdet (raudt område) bør vidareutviklast til ein fjellandsby med urbane kvalitetar som gaterom, plassar, torg, butikkar, restaurantar og uteliv. Nye butikkar og livgjevande funksjonar bør leggjast til denne sona. Her må nokre eldre

mindre hytter vike for nyare bygg. Beitostølen si historie er synleg i stølsområda som ligg att i sentrum. Dette er viktig for Beitostølen sitt sær preg, og desse områda er viktige for m.a. nærrekreasjon og som startpunkt for turausgang i sommarhalvåret. Vi har markert stølsområdet i sentrum som vi meiner ikkje bør byggjast ned.




Beitostølen sentrum

Det er kritisk viktig å skape torg og møteplassar i Beitostølen sentrum og gjere det trygt å ferdast på eiga hand, til fots, på ski og på sykkel. Vi meiner at tanken om å utvikle eit landsbypreg i sentrum er riktig. Arkitektonisk og landskapsmessig er det ei krevjande oppgåve og utvikle Beitostølen sentrum til ein "fjellandsby". Det finst få gode eksempel på, og førebilete for, slike fjellandsbyer i Noreg (den einaste norske byen som ligg på fjellet i Noreg er bergstaden Røros). Dersom vi skal lukkast med å utvikle ein slik landsbystruktur bør nye

byggjeprosjekt passast inn ein "landsbyplan"; ein heilskapleg plan som formar sentrumskjerna, og som fastlegg mønsteret for vegar, plassar, gater og grønstruktur. Nye byggjeprosjekt må hjelpe til å heve kvaliteten på heile området, og ikkje berre vere "seg sjølv nok".

Det må arbeidast meir med gruppering av bygningar og uterom mellom husa. Som hovudregel bør det byggjast tettare i sentrum, og med mindre og meir intime uterom mellom bygningane. Førebilete kan hentast frå gamle gardsbruk med firkantun og rekkjetun og frå bykvartala i gamle norske trebyar som Røros og Lillehammer.




Beitostølen sett frå lufta.

På Røros ligg kvaliteten i samspelet mellom den tette byen og det åpne viddelandskapet. Sjølv byen er bygd opp etter en byplan med to hovudgater og ei rekke smale smug og plassar byrom og byrom som er gode møtestader. Slik har byen blitt ein turistattraksjon i seg sjølv. På Beitostølen ligg bygningane i dag for langt frå kvarandre til å skape gode bygater og uterom slik vi finn på Røros. I bygginga av fjelllandsbyen på Beitostølen kan vi lære mykje av å sjå på denne byplanen.

Venstre side: Bygningane i Beitostølen sentrum ligg for spreidd til å danne gode gater og uterom.

Under til venstre: Byplan for Røros. Teikning Sverre Ødegård.

Under: desse to teikningane syner den tette strukturen i Røros sentrum. Byplanen er et godt førebilete for det nye Beitostølen sentrum, men tida har endra seg, og materialbruk og detaljutforming er må sjølv sagt vere meir moderne i dag. Teikningar: Odd Brochmann.



I mellomeuropa har dei lange tradisjonar for å byggje landsbyar i fjellet. Her ligg husa tett samla i klyngar, med klåre grenser til fjellandskapet i kring. I sentrum er det tette gater med butikkar, sentrumsfunksjonar og eit landsbymiljø som er med på å skape mykje liv. Den mellomeuropeiske tradisjonen med tette og aktive sentrum er eit viktig førebilete for "fjellandsbyen Betitostølen".

I Val Morel i Sør-Frankrike er det bygd opp ein heilt ny landsby med utgangspunkt i turismen knytta til skisporten og alpinanlegga. Her er det bygd opp tette sentrumsgater (biletet på høgre

side) i sentrum, medan hyttene, hotella og leileghetskompleksa ligg som strukturar oppover i fjellsidene (biletet under). I tillrgg til inspirasjonen frå bygeskikken i Valdres, frå norske trebyar som Røros og Lillehammer, trur vi Betitostølen kan tene på å hente inspirasjon også frå mellomeuropeiske landsbyar og touriststader.


Under: leileghetskompleksa og hyttene i Val Morel slynger seg som spennande strukturar oppover fjellsida. Dei einskilde bygga er enkle, men heilskapleg fargebruk og klår formgeving gjer at bygningsstrukturane står fram som positive element i landskapet. Frå fransk reiselivsbrosyre.



Til høgre: sentrumsgate frå den franske alpelandsbyen Val Morel. Frå fransk reiselivsbrosyre.



Under: den franske alpelandsbyen La Grave. Frå "Reis" 6/2000. Foto Per Erikson



Sentrumsplan

Til denne handboka er det utarbeidd eit forslag til sentrumsplan for Beitostølen. Denne planen må sjåast på som retningsgjevande for videre utbyggjing på Beitostølen. Planen er likevel ikkje detaljer på eit slikt nivå at han kan oppfattast som ein endeleg plan.

Forslaget til byplan for fjellandsbyen på Beitostølen byggjer på eit ynskje om å skape ein tydelegare bygningsstruktur, intime gater, rom og møteplassar. Planen tek utgangspunkt i dei store bygga og vegsystemet som finnест i sentrum i dag og legg til rette for ein bokvis utbyggjing av nye bygg og sentrumsgater. Ved utbyggjing av sentrumsområdet må nokre av dei mindre hyttene vike plassen for nye sentrumsbygg.



Hovedgrepet i planen er å skape ei bilfri gate bak Knutstøl, Bitihorn og dei store forretningsbygga nord for riksveg 51. Det blir ein utfordring i utbyggjinga å fornye fasadane på "baksida" av Knutstøl og Bitihorn mot denne nye sentrumsgata. Bygningane som vender seg mot den nye bilfrie handlegata skal regulerast til nærings- og butikkformål i første etasje. Her skapast det eit lukka gaterom som har utsyn til det store landskapet frå utvalde punkt mellom bygg. Terrenspranget mellom torget og den nye gata må takast opp med ramper, trapper og murar.

Parkering løysast ved eit parkeringshus under bakken bak Knutstøl. Parkering til leilegheitsbygga i oppover fjellsida vil og skje i dette parkeringshuset.

Sentrumsgatene byggjast opp med skifer, granittstein og asfalt som dekke. Bjørketre skal plantast i rekker og grupper inne i landsbygatene. Terrensprang i sentrum takast opp med sjølv bygningsmassen og med murar i naturstein.

Frå den nye sentrumsgata skal det strekke seg leilegheitsbygg som band oppover fjellsida. Mellom desse bygningsstrukturane opparbeidast det grøne eterom. Her vil det bli direkte kontakt frå bygningane i sentrum og opp mot naturområda i fjellet. Om vinteren vil det vere mogleg å køyre på ski ned mellom desse leilegheitsbygga og ned til sentrum, og frå skibakken og ned til leilegheitene.

Torget skal opparbeidast til festplassen og storstova på Beitostølen. Alpinbakken må få ei betre og meir markert avslutning mot dette torget. Ved å avslutte alpinanlegget med ein natursteinmur mot torget som samstundes blir fasaden i ein bygning med kiosk, toalett, billetsal og andre funksjonar knytt til alpinanlegget, vil vi få eit betre definert torg, samstundes som alpinbakken får ein vakrare og tryggare avslutning. Oppå taket av dette bygget leggjast det grasdekke, og denne "takflata" vil bli ei fin landskapeleg avslutning på alpinanlegget.




Over: Forslag til sentrumsplan for Beitostølen.
Til venstre ser vi sentrum slik det ser ut i dag.



Over: Fjellandsbyen Beitostølen slik han kan bli sjåande ut.



Leilighetskompleks som strekkjer seg som band oppover i fjellsida nord for sentrum. Her blir det mogleg å køre på ski heilt inn i sentrum.



Skisse som syner den nye bilfrie sentrumsgata bak Knutstøl.


Torg og eterom

Sentrums er prega av store og utflytande grå flater og "vegg til vegg" asfalt. Desse flatane bør delast opp med vegetasjon og strammast opp med markerte avslutningar og kantar. Kontrastane mellom open og bygde areal bør vere sterkare.

Dei menneskeskapte romma mellom husa bør bere preg av nettopp det at dei er menneskeskapte gjennom omtanke i dimensjonar, materialbruk og funksjon.

Vegar, plassar og uteområde i sentrum bør opparbeidast med materialar og detaljar som passar inn i fjellandskapet. Naturstein, asfalt og grus skal vere dei gjennomgåande materiaala i Beitostølen sitt landskap. Naturstein skal brukast i større grunnmurar og utandørs forstøtningsmurar, og som fast dekke på torget og som golv i dei viktigaste eteromma. Asfalt og grus kan nyttast på andre flater.


Betong kan nyttast som materiale i mindre grunnmurar. Belegningsstein i betong og store vertikale betongflatar skal unngåast i sentrum.



Torget er storstua på Beitostølen, og skal fungere som samlingsplass, festplass og utendørs areana for større arrangement. Torget er i dag prega av store parkeringsareal og asfaltflater. Det bør framleis vere mogleg å parkere på torget, men ved å bygge parkeringshus bak Knutstøl, kan mykje av parkeringa flyttast dit. Vi foreslår å dele torget opp i ei parkeringssone og ein festplass. Denne festplassen opparbeidast i tråd med planforslaget til venstre med skifer, granittkantstein og planting av rekjkjer med

bjørketre. Det kan også opparbeidast eit vatnspegel som og kan nyttast til skøytebane om vinteren.

Illustrasjonane: forslag til opparbeiding av torg framfor Knutstøl. Alpinanlegget avsluttast med ein mur som dannar ein fasade mot riksvegen og ein fasade mot torget. Slik blir torget bedre avgrensa, samstundes som alpinanlegget får ein ryddigare avslutning.





Veg og trafikk


Riksvegen gjennom sentrum skal formgjevast som mijøgate. I miljøgater går trafikken på lokalmiljøets premisser. Gjennom fysiske tiltak blir farten senka og tryggleiken auka. Gata strammast opp med bruk av naturstein, opphøgde gangfelt og estetisk opprusting med bruk av naturstein, murar og planting. Miljøgater gjev samstundes bedre moglegheiter for opphold langs gata.

Parkeringshus

Utbyggjinga av ein fjellandsby på Beitostølen kan ikkje gjennomførast utan ei opprydding i parkeringsproblema på staden. Det er i dag mangel på p-plassar i sentrum i høgsesong både sommar og vinter. Ved bygging av nye sentrumsbygg skal parkering leggast inn under bakken i eksisterande eller i ny bygningsmasse.

På sentrumsplanen til høgre er det skissert ei løysing for parkeringshus under nye bygningar i sentrum. Innkjøringa til parkeringshuset bør gå inn i ein tunnel frå riksvegen og inn i eit påbygg på Bitihorn. Slik kan mykje av tilfarstrafikken inn til sentrum takast inn under bakken og fjernast frå det overbelasta torgområdet.

*Over: miljøgate i fjellbygda Os i Østerdalen.
Naturstein, grasflater og plantingar med bjørk
preger gatebiletet positivt. Langs gata er det
bygd opp nye samlingsplassar og møtestader.
Landskapsarkitekt: Feste as v/ Jan Feste.*



Over: parkeringsløysing for sentrum. Det byggjast eit parkeringsanlegg under dei nye bygningane i sentrum (stipla raud line). Innkøyring til parkeringshuset er vist med ei raud pil. Miljøgatestrekkningen er vist i blått.

Landskapshandsaming

Det overordna landskapsrommet på Beitostølen skal leggjast til grunn som utgangspunkt for tilpassing av bygningar og landskapsanlegg.

Beitostølen skal vidareutviklast som ein tett fjellandsby omkransa av store fjell- og naturområde. Grensane mellom dei bygde og dei ubygde areala skal dyrkast vidare.

Eksisterande vegetasjon er ein ressurs som skal vere førande i planlegging av arealbruk og utforming av byggessonar. Eksisterande vegetasjon skal danne utgangspunkt for etablering av framtidig vegetasjon på Beitostølen. I utbyggingsområder skal belte med vegetasjon takast vare på.

Dei menneskeskapte areala i sentrum bør bere preg av nettopp at dei er menneskeskapte og opparbeidast med fast dekke, vegetasjon, møblering og lyssetjing. Tre skal stå fram som markante veggar og volum i sentrumsområdet. Bjørk skal nyttast i treplantingar i sentrum.


Utanfor sentrumsområda skal landskapet setjast i stand som skog, kulturlandskap og fjellområde. Her skal ivaretaking av naturleg vegetasjon vere hovudmålsettinga.

Beitostølen ligg høgt til fjells. Det tar mange år å lege sår og inngrep i markdekkje og vegetasjon. Ny vegetasjon brukar lang tid på å etablere seg. Det er difor særleg viktig å vere skånsom under byggjing og å unngå store inngrep i terren og vegetasjon. Noko av det aller viktigaste i arbeidet med arkitektur og byggjeskikk på Beitostølen er å stille strengare krav til terengtilpassing, landskapshandsaming og å ta vare på eksisterande vegetasjon i nye utbyggingsprosjekt. Mykje av ansvaret ligg hjå utbyggjar og ikkje minst hjå maskinentrepeneigarar.



Til venstre: Bjelbølstølen - ein av dei få stølane som ligg att i sentrum. Stølen bør takast vare på av di han fortel ei viktig soge om kva som var utgongspunktet for staden Beitostølen.

Til høgre: prinsipp for tilbakeføring av terren. På fyllingar og skjeringar bør det leggast tilbake vekstmassar og såast grasartar som høyrer heime i fjellet.



Dagens situasjon

Alternativ 1

Alternativ 2

For det tette sentrumsområdet på Beitostølen skal uterom og landskap bare preg av å vere menneskeskapt. For hytteområda rundt sentrum er målsettinga å take vare på vegetasjon og landskap urørt så tett inn til bygningar, vegar og tekniske anlegg som det let seg gjere. Grense for inngrep og terrenget som skal takast vare på må markerast med gjerde eller merkeband under byggjepериодen. I større byggeprosjekt er det aktuelt å gi bøter til entrepenørane for kvart tre dei feller ut over det som er godkjent på førehånd. Planar for nye byggjeprosjekt på Beitostølen skal vise opparbeiding av terren

med gamle og nye kotar og høgde på murar. Likeins skal grense for terrenngrep teiknast inn på ein på ein planteikning.

Biletet under syner bob- og akebanen på Hunderfossen, bygd til olympiadene i 1994. Utbygginga av bob- og akebanen er eit døme på at sjølv store tunge konstruksjonar kan byggjast ut med minimale terrenngrep. Bob- og akebanen var bygd med ein anleggsbreidde på 10 m! Landskapsarkitekt Feste as Lillehammer.





Skiløyper

Der skiløyper kryssar vegar er det i dag problem med tryggleik og med at skiløparar stadig må ta av seg skia for å krysse dei grusa vegane. Der hovudløypa kryssar veg bør det byggjast bruer som førar løparane over vegane på ein trygg og elegant måte. Bruer er å føretrekke framfor undergangar, av di dei er betre for løparane, dei får ikkje problem med skitten snø, og dei kab tilføre Beitostølen positive kvalitetar.

Det bør nyttast bruer i smekre limtrekonstruksjonar. Tilslutninga til terreng skjer ved natursteinsmurar mot veg og tilsådde og planta jordvollar mot terreng.



Bileta til venstre syner skibruer frå Birkebeineren skistadion på Lillehammer. Bruene er enkle elementbruar i limtre frå Moelven, og finnест i variantar for både eitt og to skispor. Bruene er eit positivt innslag i idrettsanlegget.



Bygningsforming

Rammene for bygningsforming i Beitostølen sentrum skal vere eit ynskje om ein moderne arkitektur, med røter i byggjetradisjonen frå norske fjellbygder.

Bygningane i sentrum skal vere organisert på ein måte som skapar gode uterom og som skapar oversyn og gode orienteringsmogleigheter.

Bygningar som vendar seg mot gateplan skal formast slik at 1. etasje kan takast i bruk til butikkar, kafear og andre offentlege og livgjevande funksjonar.



Volum


For å oppnå eit ryddigare arkitektonisk uttrykk enn det som kjenneteiknar Beitostølen i dag, bør flertalet av bygningskroppane i sentrum ha enkle geometriske grunnformar. Dei enkle grunnformene kan brytast opp med underordna volum som innskjeringar, svalgangar eller sprang i fasadar. "Lag på lag-arkitektur" med utstrakt bruk av arkar, utskjeringar, klokketårn, takutstikk, retningsendringar, utsikkande verandaer og store vindskier må unngåast.

Øverst til venstre: Holtbakken borettslag, Skedsmo. Ein rik og variert arkitektur innanfor enkle, velproposjonerte volum. Arkitekt: Div.A Arkitekter og Lund Hagem Arkitekter.



Til venstre i midten: Giskehagen i Oslo. Lange huskroppar med variasjon over saltaksmotivet dannar kvartal, gateløp og store og små plassar. Arkitekt Niels Torp AS.

Til venstre:Sletvold - Oppdal. Enkle bygningsvolum i mørke fargar og skifertak. Det er teke vare på vegetasjon heilt inn til bygningen. Arkitekt: Lund Hagem arkitekter as.



Målhus, bob- og akebanen Hunderfossen,
Lillehammer. Bygningar i tre, glas og naturstein
glir godt inn i den norske vinteren. Arkitekt
Lillehammer arkitektteam, v/ siv. ark Andreas
Bjørtuft

Materialbruk

Bygningar i sentrum skal utførast i haldbare materiale med lite krav til vedlikehald.

Bygningar skal ha ein enkel materialbruk.

Materialbruken skal understreke bygningen sin konstruktive oppbygging. Tre, naturstein og glas skal vere dei dominerande byggjemateriala for fasadane i sentrumsbygga. Materiale skal handsamast slik at dei naturlege eigenskapane i materialet blir framheva. Døme på slik handsaming er beising av tre og galavanisering av stål.





Fargebruk

Bygningar skal fargesetjast med fargar som harmonerer med naturmaterialer og fargetonar i landskapet. For Beitostølen sentrum skal det brukast mørke jordbundne fargar i valørar i eit fargespekter som spenner frå svart og mørkt bront over mot grått. Særskilde mindre element, slik som konstruksjonsdetaljar, dørar og vindauge kan gis klåre kontrasterande fargar.



Takflater

Takflatene er husets femte fasae, og er viktig for inntrykket av bygningane på Beitostølen sett frå fjellet og frå avstand. Takflater skal ikkje ha material som reflekterar sollyset. For sentrumsområda skal skifer vere det dominerande takmaterialet. På mindre bygg kan torv og tre nyttast. Store vindskiar bør unngåast.



Til høgre: forslag til fargeskala for sentrum på Beitostølen.

Bilete på høgre side: hytte i Kvifjell. Arkitekt Lillehammer arkitektteam, v/ siv. ark Andreas Bjørtuft





Skifer i tradisjonell valdrestekking, med hanskebakmønster. Skifer bør l vere det gjennomgåande tekkmaterialet for taka i sentrumsområdet, men torvtak og beisa tre er også gode alternativ.



Frå Skårsetlia på Lillehammer. Bygningane er beisa i ein gråsvart farge, medan nokre mindre element har fått klåre kontrastfargar. Lund Hagem Arkitekter og Div.A Arkitekter.

Byggjesaker

For å få byggjeløyve for nye byggjeprosjekt innanfor sentrumsområdet krevast følgjande planmateriale:

- Kart som syner avgrensing av byggjeområder, infrastruktur/trefikkløysing og grøne område.
- Planforslag i 1:1000 med godkjente fargar og riktige koordinatar.
- Byggelinjer som skal forme viktige uterom og strukturer.
- Plan som viser grense for terrenginngrep med gamle og nye koter.
- Høgde på terrenget, bygningar og andre anlegg.
- Tillatt utnyttingsgrad.
- Krav som sikrar at landskapsarbeid avsluttast samstundes med bygningar og andre anlegg i området.
- Minst 1 perspektivteikning som syner planforslaget i samband med naboområda.
- For større byggjeprosjekt og reguleringsplanar krevjast det modell i mål 1:500 eller 1:1000

Skilting

Uteromma i Beitostølen sentrum er sterkt prega av prangande reklame og skilt i svært ulike storleikar og utformingar. Det totale inntrykket er kaotisk og dei glorete skilta slår kvarandre i hel og skapar det vi kallar visuell støy. Arbeidet med skilt og reklame er ein viktig del av arbeidet i ei langsiktig satsing på å betre Beitostølen som reiselivsprodukt og betre dei fysiske omgjevnadene på staden. Målsetjinga med ei rettleiing for skilting på Beitostølen er å senke det visuelle støynivået og stille strengare krav om ei skilting som foregår på staden og bygningsmijøet sine premissar. Vi ynskjer ikkje å fjerne skiltinga eller å ta i frå butikkane mogleheten for å reklamere for sine produkt.

Uformig og plassering

Skilt og reklame på hovudfasadar

Skilting bør vere avgrensa til første etasje på eit hus. Reklame for særskilte varer og produkt høyrer til vanleg ikkje heime på fasaden, og bør avgensast til utstillingsvindauge. Informasjonsskilt for andre verksemder oppover i etasjene bør vere avgrensa til ei felles oppslagstavle ved hovudinngangen.

Skilt og reklame på gavlfasadar

Som hovudregel bør det ikkje vere skilt og reklame på gavlfasadar, og slik skilting bør berre godkjennast unnataksvis. I slike tilfelle bør reklamen ha ei friare form enn vanleg, i form av reklame malt direkte på veggen framfor reklameboards. Store rektaangelulære tavler kjem oftast i konflikt med hovudforma på bygningen.

Skilt på tak

Skilt på møne, takutstikk, gesims og takflate skal ikkje godkjennast. Preging av staden si silhuett med lysande skilt og reklame verkar uroade og kaotisk.

Hensyn til omgjevnadene

Lysskilt og reklameskilt bør ikkje tillatast i reine hytte- og bustadområde. Skilt bør ha indirekte lys. Det same gjeld i grøne område. Unnatak her er skilting av skiløyper. På idrettsarenaer som t.d skistadion, bør reklamen innpassast i reklametavler og vende seg innover mot stadionområdet.

Varehandel, kontor og tenesteytande næringer

For butikkar og varehandels- og servicebedriftar bør skilt og reklame avgrensast til verksemdas navn og hovudagentur dersom dette er ein viktig del av verksemda. Skilting er kun tillatt i første etasje. Annonsering for varer og tenester, tavler med dagens tilbud m.m. høyrer ikkje heime på fasadene. Åpningstider er heller ikkje ein sjølvsagt del av skiltinga. Slik informasjon bør plasserast ved inngangspartiet.

Det er i hovudsak tre regelsett som kan gjere seg gjeldande i skilt - og reklamesaker, plan- og bygningslova sin §107, veglova sin §33 og naturvernlovas § 15. Plan- og bygningslova si § 107, ledd 3 og 4 gjev kommunane mogleighet til å utarbeide eiga vedtekts. For å kunne ta i bruk vedtekts som heimelsgrunnlag i arbeidet med skilt og reklamesaker, må denne bli stadfesta av Kommunal- og Arbeidsdepartementet og offentleggjera i Norsk lovtidend.



Over: godt døme på skilting fra Beitostølen sentrum. Skiltet er underordna fasaden og storleiken og utforming er nøktern og tydeleg. Slik blir skiltet eit positivt ilskot til fasaden.

Forslag til vedtekter for skilt og reklame i på Beitostølen

Alle skilt og reklameinnretningar i kommunen er underlagt Plan- og bygningslovas §107. I tillegg gjeld veglovas § 33. Kommunen er ansvarleg myndighet, og handhevar Veglovas krav i høve til kommunale vegar. Vegkontoret i fylket er ansvarleg myndighet for riksvegar og fylkesvegar. Veglova seier at alle skilt som vender seg mot veg og dei vegfarande er søknadspliktige/løyvepliktige. Skilt og reklame for eiga verksemد på eigen bygning kjem ikkje inn under veglovas reglar.

VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA SI § 107

1. På Beitostølen må skilt, reklameinnretningar o...l ikkje settast opp utan at bygningsrådet på førehand har gjeve sitt samtykke. Samtykke kan berre bli gitt inntil vidare, eller for eit særskilt tidsrom. Skilt og reklameinnretningar skal ikkje verke skjemmande i seg sjølv eller i høve til omgjevnadene.
2. Skilt og reklameinnretningar skal ha ei moderat storleik, utforming og farge, og skal harmonere med bygningen for øvrig. Blinkande skilt eller skilt i rørsle er ikkje tillatt.
3. Skilt og reklame i form av lyskasser skal ikkje nyttast.
4. Skilt skal ikkje dekkje meir enn $\frac{1}{4}$ av bygningens horisontale fasadelengde, avgrensa til 4 meter eller ein rimeleg del

av fasaden som verksemda disponerer.
Uthengskilt skal ikkje ha større breidde enn 1 meter.

5. I næringsbygg som inneholder flere verksemder, skal skilta til dei ulike firmaene samlast i ei oppslagstavle. Denne kan vere frittståande. Verksemder i lokale med fasade langs fortau eller gate med eigen inngang kan ha eigne skilt.

Talet på skilt kan aukast dersom verksemda disponerer flere fasadar på eigedomen langs fortau eller gate, der det er naturleg at det bli satt opp mot desse. Skilt skal som hovudregel plasserast ved innganger.

6. Skilt og reklameinnretningar på bygningar skal plasserast på veggflater, og tillatast ikkje plassert på mønet, takflater eller gesims. Skilt og reklameinnretningar tillatast ikkje plassert på gjerder eller stolpar.
7. Fylgjande skilt og reklameinnretningar er ikkje tillatt:
 - Løsfotrekklame
 - Reklame på markiser. Etter ei heilskafeleg vurdering kan likevel firmanavn/logo godkjennast.

